

## **SAKSPROTOKOLL**

### **HANDSAMING I FORMANNSKAPET 08.03.2017:**

Rådmannen ba om at det vart gjort ei justering av første avsnitt i innstillinga.

Ordføraren sette fram slikt samla framlegg til vedtak:

«Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette ber me om at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsoneplan. Det vert også vist til at fylkeskommunen har invitert til dialogmøter som bør gjennomførast før det vert gjeve uttale. For å sikra samordning med strandsoneplanen ber me om utsetjing til hausten 2017.

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.»

Framlegg til vedtak frå ordførar vart samrøystes vedteke.

### **VEDTAK I FORMANNSKAPET 08.03.2017:**

Tysnes kommune ber om utsetjing av høyringsfristen slik at planen kan vurderast i samanheng med med framlegg til marin verneplan som no er lagt ut på høyring, i tillegg til dette ber me om at planen vert samordna i tid med interkommunal strandsoneplan. Det vert også vist til at fylkeskommunen har invitert til dialogmøter som bør gjennomførast før det vert gjeve uttale. For å sikra samordning med strandsoneplanen ber me om utsetjing til hausten 2017

Dersom det ikkje vert gjeve utsetjing vurderer Tysnes kommune det slik at vår opphavlege uttale framleis står ved lag.

Dersom Hordaland fylkeskommune vedtek planen i si noverande form vil Tysnes kommune vurderer å klaga inn vedtaket etter plan og bygningslova § 8-4. Klagen vil dels vera knytt til

retningslinene i planen, dels til bruk av arealsoner opp mot fastsette teiknereglar og dels til at Hordaland fylkeskommune ikkje har teke turvande omsyn til gjeldande kommuneplan.